



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



RETNINGSLINER

TILSKOT TIL

TRAFIKKTRYGGLEIKSAKTIVITETAR

1. Føremål med tilskotsordninga

Føremålet med ordninga er å styrke lokal og regional førebyggjande og trafikantretta trafikktryggingsaktivitet i fylket.

2. Typar tiltak omfatta av ordninga

Ordninga gjeld tilskot til haldningsskapande tiltak, informasjonstiltak, opplæringstiltak (inkl. trafikantopplæring), arrangement, kampanjar, aksjonar, prosjekt m.m.

Midlane kan også nyttast til tiltak som t.d. Hjartesone-prosessar lokalt på skulane, sykkelopplæring i skulen m.m.

3. Målgrupper for ordninga

Ordninga gjeld innanfor det geografiske området til Vestland fylkeskommune. Følgjande kan søkje om tilskot:

- a) Kommunar
- b) Skular (inkl. FAU)
- c) Barnehagar (inkl. FAU)
- d) Lag og foreiningar
- e) Organisasjonar
- f) Institusjonar
- g) Aksjonsgrupper

Landsomfattande organisasjonar kan ikkje tildelast midlar sentralt.

4. Tildeling

Tilskot innanfor denne ordninga vert tildelt to gonger i året.

5. Kriterium for tilskotsordninga

- a) Det blir lagt vekt på trafikkfagleg kvalitet og kor sentralt førebyggjande trafikksikringsarbeid står i tiltaket.
- b) Kor breitt tiltaket når ut vert vurdert opp mot storleiken på søknadssum.
- c) Trafikksikringsaktivitetar i kommunar som inngår i *Trafikksikker kommune*-arbeidet vert prioritert.
- d) Frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafikktryggingsarbeid vert prioritert.
- e) Tilskotet kan nyttast til kostnader som er direkte knytt til gjennomføring av tiltaket.
- f) Tilskotet kan ikkje nyttast til kostnadar knytt til ordinær drift og administrasjon av søkjar si verksemd.
- g) Det er mogleg å søkje om midlar til tiltak som blir gjennomført før sak om tildeling er handsama politisk. Tiltaket kan ikkje vere gjennomført før søknad er sendt.

6. Krav om eigendel

Det er krav om ein eigendel på minimum 25 prosent, dersom kostnaden til aktiviteten/tiltaket overstig 50 000 kr. For tiltak med kostnad opp til kr 50.000,- er det ikkje krav til eigendel for å kunne bli tildelt tilskot. Vert sluttkostnad for tiltaket redusert i høve til totalkostnad i søknad, vert det fylkeskommunale tilskotet redusert med tilsvarande prosentdel.

7. Ansvar for å forvalte tilskotsordninga

Trafikktryggingsutvalet (FTU) forvaltar midlane på vegner av fylkeskommunen. Infrastruktur og vegavdelinga er sekretariat for FTU og utfører den praktiske administrasjonen av tilskotsmidlane. Midlane vert tildelt etter søknad til konkrete aktivitetar/tiltak innanfor det geografiske området til Vestland fylke. Lister med aktivitetar/tiltak vert ved kvar tildeling lagt fram for FTU for handsaming og vedtak om tildeling av tilskotsmidlar.